


## Rår til å ta Uskedalsfjella ut av Nasjonal ramme for vindkraft.

12.08.2019



Grafikken er ikkje den beste på bilete, men fjella kring Uskedalen er merka med raudt, svært høg konfliktgrad.

**Kommunedirektøren i Kvinnherad rår til at områda i Kvinnherad, bortsett frå fjella i Åkra, vert tekne ut av den nasjonale rammeplanen for vindkraftutbygging. Av desse er fjella rundt Uskedalen. Konfliktgraden ved ei evt. utbygging vert definert som svært høg med mange ulemper. Tilrådinga til kommunedirektøren er bakgrunn for sak til Formannskapet på torsdag.**

Olje- og energidepartementet har bedd om innspel i høyringsrunden om går fram til 1. oktober. I NVE sitt framlegg til nasjonal ramme er store fjellområde peika ut og er aktuelle for utbygging. I Uskedalen gjeld dette Solfjell, Hauglandsfjellet, Tverrfjell, Gråfjell, Ulvanoso, Englafjell og Manen.

Område med svært høg konfliktgrad bør takast ut av planen. Dette vert gjort med tanken på friluftslivet, lokal identitet, reiseliv og landskap. Før ei evt. utbygging i Åkra vert det sett krav til risikovurdering og tiltak som reduserer inngrep i naturen. Det vert lagt vekt på ei varsam utbygging med grundig vurdering av konsekvensar for natur og friluftsliv, næringsverksemd, miljø og økonomi.



[Kommunedirektøren i Kvinnherad rår til at fjella kring Mannsvatnet vert tekne ut av Nasjonal ramme for vindkraft.](#) Formannskapet skal i møte på torsdag koma fram til og vedta ein uttale som vert sendt Olje- og energidepartementet. Vi kjenner ikkje til om dette er ei ferdig vedtakssak eller om saka skal vidare til Kommunestyret.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Frå saka til F.skapet/ Årstein Eik